

NOTAT

Vedlegg nr. 4

Til: Styringsgruppa
Frå: Vestland fylkeskommune
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandlar/telefon:
Bjarte H. Tangenes / 412 816 15
Vår dato: 23.05.2025

Sak 44/25

Tilleggsnotat til «Strategisk styringsdokument for innfartsparkering, 2022-2029»

Bakgrunn

Styringsgruppa vedtok gjennom sak 76/24 «Innfartsparkering i byvekstområdet» å opprette ei arbeidsgruppe med føremål om å styrke samordninga og få ei meir heilskapleg tilnærming til innfartsparkering innafor rammene i gjeldande strategi. I saka vart det vist til tematikk som arbeidsgruppa fekk i oppdrag å utforske, men det var ikkje lagt fram eit fullstendig mandat. Den fyrste bestillinga til arbeidsgruppa var difor å leggje fram forslag til mandat.

Styringsgruppa vedtok gjennom sak 23/25 «Mandat til arbeidsgruppe for innfartsparkering» eit mandat arbeidsgruppa skulle arbeide vidare ut i frå. Mandatet tar utgangspunkt i handsaminga av den opphavlege saka.

Tilleggsnotatet etablerer

- prosess med årleg handsaming av offisiell oversikt over innfartsparkeringar i byvekstområdet i styringsgruppa
- avgrensing av strategien gjennom å definere kva parkeringar som skal reknast som innfartsparkeringar i byvekstområdet
- felles prinsipp for parkeringskontroll, tilbodsstandard og marknadsføring
- føringar knytt til billettypar og tilknytingsform
- kategoriar av innfartsparkeringar med tilhøyrande ambisjonsnivå for tilbodsstandard

Tilleggsnotatet legg opp til at den offisielle oversikta definerer omfanget av strategien, og at ein gjennom oversikta synleggjer kva kategori kvar enkelt innfartsparkering er plassert i. Kategoriane utgjer utgangspunktet for vidare forvaltning og justering av tilbodsstandard. Oversikta skal reviderast årleg og handsamast av styringsgruppa.

Tilleggsnotatet skal gjennom dette gi betre grunnlag for felles strategiske avgjersler for partane i Miljøløftet og ein meir heilskapleg tilnærming til tilbodet. Det supplerer eksisterande føringar i strategien, og gir retning for vidare utvikling.

Forslag til konklusjon

Styringsgruppa sluttar seg til «Tilleggsnotat til strategi for innfartsparkering».